



Anders Dalland
Dalland 80
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/8598 - 21/67720

Saksbehandlar:
Roba Al Serhan
roba.al.serhan@alver.kommune.no

Dato:
11.10.2021

Fritak frå kravet om gjødselplan GBNR 437/1 Dalland

Administrativt vedtak: Saknr: 1066/21

VEDTAK:

Alver kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 15.10.2026 for GBNR 437/1, då bruket er ekstentivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresefnadane for dispensasjon vert endra, må det fremjast ny søknad.

Saka gjeld:

Føretaket Anders Dalland har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på gbnr 437/1. Drifta er 65 vinterfora sau. Søkjeren samlar ikkje husdyrgjødsel fordi han har sauer som går ute heite året. Jordbruksarealet på bruket er på 83 daa innmarksbeite, 29 daa fulldyrka mark og 66 daa overflatedyrka mark. Søkjeren brukar ikkje kunstgjødsel.

Normgjødsling i vårt område p.r daa/år er 22 kg nitrogen, 3 kg fosfor og 10 kg kalum.

VURDERING:

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera frå kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ekstensivt. Gjødslinga skal vera under 50% av normgjødsling.

Bruket er lite, har få gjødseldyreiningar (GDE=0) etter frådrag for beitetid, og har stort areal i høve til dyretalet. Kommunen har difor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødselplan i 5 år.

Regelverk

Forskrift om gjødselplanlegging.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: « 21/8598 »

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Roba Al Serhan
Rådgjevar Landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Anders Dalland

Dalland 80

5936

MANGER